Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1.

Emnenr. 6

Fylke: Nord Tróndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Egge

Emne: Folkelege musikk-instrument.

Bygdelag:

Oppskr. av: Sverre Aune

Gard:

(adresse): Snåve pr. Steinkjer

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Det De spør om i spørsmål 1, 2 og 3 er ukjent her.

4. Å få fram knall og smell med å smella blad i handa, smella ein pose fylt med luft, smella på ein klokkeblome har vori og blir gjort her. Like eins å laga knall med å leggja glår på ambolten og slå på glårne med ein hamar. Svepesmell er og kjent. Å smella blad i handa vart helst gjort på fåresommaren. Det var mest gjetarar som dreiv med dette. Noka slag særskilte nemningar for slike smell har vi ikkje her. Ved festlege høve som t. d. brudlaup har det hendt det vart løyst byrseskott. Men det er mykje sjeldan, så nokon skikk har det ikkje vori. Eg veit ikkje om det knyt seg noka slag tru til dette. Men det er truleg det skulle føre lykke med seg for brurfolket, eller at det skulle verja dei eller brudlaupsgarden mot trolldom.

17. mai har det vori vanleg å laga sprengsmellar med dynamitt eller anna sprengstoff.

5. Lyder eller ulyder som skulle drive bort vonde ånder, ulykker m. m. er ukjent her.

7084

Derimot veit vi om at lyder frå dyr (fugl og hundar) kunne varsle dåd og ulykker.

P. S.
Den klakkeblom som vi her lagar smellar med kaller vi „smellpong"



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING